



Møre og Romsdal fylke



i samarbeid med

Landbruks- og mat-
departementet

Statens
Landbruksforvaltning

Animalia

Mattilsynet



FYLKESMANNEN I
NORD-TRØNDELAG

Invitasjon til open konferanse

Rovdyr, Alveld og Flått

- alvorlege truslar mot saueneringa -

Høgskulen i Molde,
måndag 1. desember 2008 kl 10.00

Sauebøndene har hatt store tap i fleire år, og utviklinga er negativ. Tapa på beite er somme stadar så høge at næringa er trua. For å få sikrere kunnskap om tap og tapsårsaker har Fylkesmannen i Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal fylke i to år arbeidd med utvida tilsyn av dyr på beite. **Tilsyns-prosjektet** skal oppsummerast på konferansen.

Rovdyra er ein alvorleg trussel mot næringa i nokre område, medan mykje tyder på at **flåtten** er farlegare andre plassar. Vi skal heller ikkje gløyme **alveld** som også er årsak til store tap. På konferansen får vi ta del i siste nytt frå forskinga. Konferansen tar mål av seg til å vere møteplass for næring, forvaltning og forskning, som alle må trø til for at saueneringa skal vere berekraftig.

Flåtten er årsak til sjukdom på sau, men den stoppar ikkje der. Den smittar rådyr og hjort, for ikkje å gløyme at den er årsak til alvorleg og langvarig sjukdom hos menneske. På slutten av konferansen gir vi også desse emna plass. Forskar og seksjonssjef ved veterinærinstituttet Bjørnar Ytrehus vil snakke om **Flått og sjukdomar på viltet**, og overlege Per Bjark (Sykehuset i Vestfold) snakkar om **Flåttbårne sjukdomar på mennesket**.

Påmelding før **24.11.2008** på nettsida www.mrfylke.no under 'Møte, kurs og konferansar'. Du kan også kontakte Kjellaug Finnøy på telefon 71258067 eller sende epost til kjellaug.finnoy@mrfylke.no

Konferanseavgifta er 250 kr, og dekkjer mellom anna lunsj. Giro blir utsendt etter påmelding. **Vel møtt!**

For arrangørane ;

Anne Berit Løset

Kirsten Indgjerd Værdal

Anne Berit Løset
Landbruksdirektør i Møre og Romsdal

Kirsten Indgjerd Værdal
Landbruksdirektør i Nord-Trøndelag

Anstein Lyngstad er fylkesjordsjef i Nord-Trøndelag

Fylkesagronom **Åshild Melkeraaen** er ansvarleg for tilsynsprosjektet i Møre og Romsdal

Rådgevar **Lars Bendik Austmo**, fylkesmannen i Nord-Trøndelag, er utdanna biolog. Han har arbeidd med rovviltforvaltning sidan 2002. Austmo er i sekretariatet for rovviltnemnda i region 6.

Biolog og forskar **Ivar Myrsterud** ved UiO har gjennom mange år arbeidd for å avdekke mekanismane bak Alveld, og er mellom dei som kjenner dette området best.

Dr med vet **Snorre Stuen** ved Institutt for Småfeforskning, NVH Sandnes har i lang tid jobba med flåttbårne sjukdomar. Han har særleg fokus på Anaplasma og sau (sjodogg)

Stipendiat **Lise Grøva** er tilsett ved Bioforsk Økologisk på Tingvoll. Grøva jobbar i forskingsprosjektet SWATICK (samarbeid med UMB og NVH). Ho ser på sauesjukdomen sjodogg med fokus på forebyggande tiltak.

Dr med vet **Bjørnar Ytrehus** er veterinær med doktorgrad i patologi. Han er fung. Seksjonsleiar ved Veterinærinstituttets Seksjon for viltelhelse. Ytrehus arbeider særleg med problem knytt til utvortes parasittar og parasittbårne sjukdommar som blir spreidd med og som påverkar viltet, samt korleis klimaendringar påverkar helsa til ville dyr.

Overlege **Per Bjark** har vore infeksjonsoverlege i Tønsberg i 20 år. Bjark har skrive kapitlet om Lyme borreliose i Norsk Legemiddelhåndbok 2001, 04 og 07. Han underviser på etterutdanningskurs ved UiO, og har halde ei rekke foredrag i forskjellige legefora. I år er Bjark representert med to arbeider på den internasjonale Lyme borreliose-kongressen i USA.

Veterinær **Kristin Sørheim** er sauebonde, seniorinspektør i Mattilsynet og markert lokal- og regionalpolitikar gjennom mange år.

*Foto på framside:
Bjørn - Bo Kristiansson
Jerv - Roy Anderson*

*Spørsmål om programmet
kan rettast til fylkesjordsjef
Ottar Longva,
ottar.longva@mrfylke.no
71258125 / 90862316*

10:00 Opning

Statssekretær Ola T Heggem, Landbruks- og matdepartementet

10:30 Ekstra tilsyn med sau på beite, pilotprosjekt 2007/ 2008 i Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag

Fylkesjordsjef Anstein Lyngstad (Nord-Trøndelag) og Fylkesagronom Åshild Melkeraaen (Møre og Romsdal)

Har ekstra tilsyn gitt oss betre kunnskap om tapsårsakene på utmarksbeite? Tapstala er ikkje til å leve med, og Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag har ulike utfordringar. Gode grunnlagsdata er forutsetninga for målretta satsing.

11:15 Rovdyrrelaterte tap - tunge, langsiktige førebyggjande tiltak i kroniske skadeområde

Rådgevar Lars Bendik Austmo, fylkesmannen i Nord-Trøndelag

I nokre område har ein opplevd store tap av sau på grunn av rovvilt over lang tid. Dette gir utfordringar i forhold til økonomi, avl og psyke. Kva tiltak kan settast inn for framleis å kunne drive med sau i område med forventta store rovdyrskadar, kva kostar det, og kva interessekonfliktar kan dei skape? Nord-Trøndelag er eitt av fylka som har mest erfaring på dette området.

12:00 Lunsj

13:15 Alveldforskinga – status og utfordringar

Forskar Ivar Myrsterud, Universitetet i Oslo

Alveld er ei kjent og viktig tapsårsak langs kysten. UiO – i samarbeid med andre instansar - har jobba i lang tid for å kartlegge mekanismane. Det er gjort viktige funn, og det grunn til å håpe at eit gjennombrøt er i vente.

14:00 Pause

14:15 Flått og flåttbårne sjukdomar i Norge, med spesielt fokus på sjodogg og sau

Dr med vet Snorre Stuen, Norges Veterinærhøgskole og stipendiat Lise Grøva

Flått og flåttbårne infeksjonar vil høgst sannsynleg bli meir vanleg i åra som kjem – dette som følgje av varmare klima, attgroing av beite og auka førekomst av hjortevilt. Når det gjeld dyrehelsa er det særleg sjodogg (infeksjon med bakterien *Anaplasma phagocytophilum*) som er viktig. Sjodogg kan vere årsak til betydelege tap i sauenæringa. Snorre vil fortelje om flått og flåttbårne sykdommer, spesielt sjodogg, og gi ei oppdatering over forkinga som blir gjort på dette området. Lise vil snakke om forskingsprosjektet SWATICK, som m.a. vil undersøke om lam som blir tidleg smitta med sjodogg-bakterien greier seg bedre. Ho vil kommentere tap knytt til denne infeksjonen, og om genetiske forskjellar gjer nokre rasar meir utsett for sjukdomen.

15:30 Pause med rundstykke og kaffi

16:00 Flåttbårne sjukdomar og viltet

Dr med vet Bjørnar Ytrehus, Veterinærinstituttet

Hjortedyra blir sett på som viktige vertsdyr for flåtten. Mange ser på dei tette hjorteviltbestandene som den viktigaste årsaka til auke i flåttbårne sykdommer hos menneske og husdyr. Men – nokre forskarar hevdar at hjortedyra ikkje er i stand til å overføre dei viktigaste sjukdomane. Enkelte hevdar til og med at flått som sug blod på hjort blir 'rensa' for borrelia. I dette foredraget skal vi sjå nærmare på kva faktorar som virkar inn på forekomst av flått og flåttbåren sjukdom, kva rolle viltet spelar for flåtten og smittestoffa og korleis viltet sjølv blir påverka.

16:45 Flåttbårne sjukdomar og mennesket - utfordringar for humanmedisinen

Overlege Per Bjark, Sykehuset i Vestfold

Det er auka oppmerksomheit rundt Lyme borreliose. Sjukdomsbilda er varierte og kan likne på mykje anna. Laboratoriediagnostikken har svake sider. Behandlingsproblema ved forsinka diagnose er store. Treng vi både ei klinisk og laboratoriemessig opprustning i vårt land?

17:30 Pause

17:45 Oppsummering – og blick framover

Veterinær og seniorinspektør i Mattilsynet Kristin Sørheim

Kvar ligg mulighetene – og korleis kan vi kome vidare?